



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 16/2016

Møtedato: 22.6.16

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

## F201, Kvitehaugen – søknad om veg til hytte

Nils Trygve Brandt søker om å få leggje veg fram til hytta si i Kvitehaugen. Strekninga er ca. 100 m. Det blir ei betre vegløyning om vegleia kan gå litt innpå stølsutvising S566. Stølsbrukar John Hasle har i e-post den 16.3.16 stadfesta at han ikkje har merknader til dette.

Søknad om opparbeiding av veg er grunndisponeringsak etter §12 i fjellova. Søknad blir avgjort av Statskog etter fjellstyret har gjeve uttale. Vidare skal kommunen godkjenne tiltaket.

Hyttefestar har følgjande grunngeving for søknaden:

*Vi søker med dette om i kunne anlegge vei til hytta vår på Kvitehaugen i Vestre Slidre. Strekningen det dreier seg om er i overkant av 100 meter.*

*Hytta har vert i familiens eie siden byggeåret 1920. Den ble reist av min farfar Ivar Brandt og hans svigerinne Karen Berge. Nabohytta eies av min niese Marit Brandt Lågøy. Veisøknaden sendes i forståelse med henne.*

*Hyttas tilstand tilsier at det er nødvendig med betydelige rehabiliteringsarbeider. Disse planlegges gjennomført sommeren 2017. I den forbindelse vil det lette byggeprosessen i stor grad om en har mulighet til å kjøre fram mot hytta. Hyttetomt er for øvrig den eneste i området som ikke har vei fram.*

*Jeg har helt fra tidlige barneår tilbrakt de fleste sommerferier på hytta. Familien vår har i flere generasjoner opparbeidet sterke band til Kvitehaugen, til hytta, til stølslivet og til folk og slekt på stedet og i bygda. Disse bandene ønsker en å holde fast på og videreutvikle, også med tanke på de kommende generasjoner. I den alderen jeg og min kone nå er kommet i, vil vei fram til hytta lette adkomsten og bety mye for videre bruk, både for oss og kommende generasjoner.*

*Valg av trase vil måtte vurderes i samråd med lokale myndigheter. En tenker seg i utgangspunktet veien lagt i nærheten av/vest for nåværende sti. Veien vil selvsagt måtte opparbeides på en måte som blir mest mulig skånsom for naturen.*

Skisse av veglei:



Fjellstyret såg på saka under befaring den 20.6.16 saman med søkjar.

Hyttefestarar som har søkt om å få etablere veg har normalt fått løyve til det. Vegen skal gå langs jordet, men det vil bli skjering både ved knekkpunkt og opp til parkeringsplass. Det kan vera eit alternativ å la vegen gå rett fram til skråning søraust for hytta. Det blir ikkje så mykje terrengingrep om ein vel slik løysing. Om ein vel å godkjenne vegleia som det er søkt om, vil det bli lettare tilgang til hytta. Dette gjeld både for planlagt restaurering av hytta og for vanleg ferdsel til hytta.

**Framlegg til vedtak**

Fjellstyret tilrår Statskog å godkjenne slik veglei som det er søkt om.

**Vedtak:**

Fjellstyret tilrår Statskog å godkjenne slik veglei som det er søkt om. Stølsutvising til S566 blir redusert når Statskog har godkjent vegen.

Parter har rett til innsyn i saksdokument. Tilråding frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 29.6.16

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Nils Trygve Brandt  
John Hasle  
Statskog  
Vestre Slidre kommune